



Plan og byggesak

Referanser: Saksbehandlar: Dato:
Dykkar: Bente Kopperdal Hervik 13.01.2020
Vår: 20/1357 - 20/1502 bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no

Reguleringsplan Fosse-Moldekleiv - uttale kultur

Viser til førespurnad om uttale frå kultur på reguleringsplan Fosse-Moldekleiv etter justering av plandokument.

Me har følgjande innspel:

- Det såkalla Spionhuset er no tatt ut av planområdet. Dette bygget bør vera med i planområdet, som i tidlegare plankart, og gjevast omsynssone H570.
- Gnr 325/86, 325/168 og 325/143 bør vera med i planområdet, som i tidlegare plankart, og gjevast omsynssone H570. Det er særleg smia på gnr 325/86 og våningshuset på 325/143 som har høg kulturminneverdi og bør få eit formelt vern.
- Det er positivt at potetkjellaren ved Litlebergen har fått omsynssone H570 og omtale i føresegnene som sikrar denne eit vern. Me klarar ikkje sjå av plankartet korleis potetkjellaren er plassert i denne omsynssona. Det er viktig at omsynssona kring potetkjellaren omfattar heile potetkjellaren samt noko areal kring heile kjellaren.
- Det er positivt at det er sett av areal til utmarksparkering for tursti til Moldekleivfjellet og Krossfjellet. For dei som bur i området, er vegen forbi Ådlandsvegen 296 svært mykje nytta som tilkomst til det same turområdet. Det bør difor vurderast ein fotgjengarovergang eller andre løysingar for fotgjengarar til å kryssa FV 245 her.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 13207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922

Med helsing

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar
Kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Plan og byggesak